

Fru Carrars Gevær

av
Bertolt Brecht



RIKSTEATRET høsten 1972

Fru Carrars Gevær

Av BERTOLT BRECHT

Omsetjing: HARTVIG KIRAN

Instruksjon: KAREN RANDERS-PEHRSON

Dekor: SNORRE TINDBERG

Kostymer: UNN AASE ØIGAREN

PERSONANE:

Fru Carrar — SIGRUN ENGE

Arbeidaren — PER SKIFT

Sonen — BIRGER THURN-PAULSEN

Jenta — BENTE LUND


Presten — BJARNE THOMSEN

Kona — RANDI BRÆNNE

Handlinga i «Fru Carrars Gevær» går for seg ein sein kveld i april 1937 i ei andalusisk fiskarstove.

Programredaksjon: Anne Midgaard og Karen Randers-Pehrson.
Omsetjing til nynorsk: Jo Ørjasæter.

Vi vonar at denne vesle folderen kan vera til hjelp i diskusjonar og stimulere til å leite fram meir stoff i skoleboksamlinger og bibliotek.



BERTOLT BRECHT:

«BROREN MIN VAR EN FLYVER»

Broren min var en flyver.
En dag ble han utstyrt med kart,
mot syd skulle kursen gå.
Min bror var klar til start.

Broren min er erobrer.
Vårt folk vil at han slåss:
Mer livsrom, mer sol, mer jord
er en gammel drøm hos oss.

Den jord som min bror erobret
lå i Quadaras fjell:
Den var en og en halv meter dyp
og en åtti som han selv.

Den heilage krossen i «dei falnes dal».

General Francos krigsmonument over ofra frå borgarkrigen. Krossen er 150 m høg og vart bygd av krigsfangar.

Den spanske borgarkrigen varde frå 18. juli 1936 til 1. april 1939. I røynda hadde striden stått på i mange år før den tid og har halde fram i andre former fram til i dag.

Dette oversynet gjev ei skisse av hendingane, men sjølvstøtt svært forenkla.

Borgarkrigen tok til da ei gruppe generalar, mellom dei Francisco Franco, gjorde opprør mot den lovleg valde regjeringa i landet. Kuppet var nøye planlagt av generalane som i fleire år hadde arbeidd for å gjera hæren til eit reidskap for føremålet sitt. Dette lukkast avdi landet tradisjonelt hadde ein sterk og reaksjonær offiserstand og avdi den liberale regjeringa æva seg for å gå til utrensingar. Juntaen hadde òg skaffa seg herredøme over ei rad viktige våpenarsenal. Målet var «å gjenopprette lov og orden» — dvs. skape eit militærdiktatur etter fascistisk mønster. Inngrep var naudsynt «for å hindre kommunistisk statskupp», sa Juntaen. Men sanninga var at kommunistane ikkje hadde nokon dominerande plass i spansk politikk. Dei hadde 16 av 277 plassar i Cortes, og var ikkje representert i regjeringa før krigen braut ut. Likevel var det mange, både i og utanfor Spania, som let seg skræme av «den raude faren».



Generalane, — Francisco Franco marsjerer i midten.

Juntaen rekna med snøgg siger. Men dei tok i miss. Det fattige spanske folket reiste seg mot dei — arbeidrarar, fiskarar og småbønder. Uorganiserte massar som ville slåst for regjeringa. I løpet av kort tid vart folkemilitsen organisert.

Regjeringa hadde rettkome krav på våpenhjelp frå andre land. Dei vende seg til Frankrike og fekk positivt svar, etter gjeldande avtale. Men parlamenta i Frankrike og England protesterte. Frankrike gjorde om den første avgjerda og gjorde i staden opptak til ei non-intervensjonspakt der alle landa i Vest-Europa forplikta seg til ikkje å gje hjelp til nokon av partane. Nøytrale skip patruljerte kystane for å sjå etter at avtala vart halden. Dermed vart det lagt hindringar i vegen for den våpenhjelpen som kom frå Sovjet (og Mexico). Forsyningar av mat, medisin, transportmidlar og anna vart òg stansa. Meir enn 40 000 idealistar frå 52 nasjonar melde seg som frivilljuge på regjeringssida og slost i Den Internasjonale Brigaden — mest folk utan våpentrening. Etter nøytralitetspakta var dette ulovleg, og dei frivilljuge var skuldige til straff i heimlanda sine.

Trass i non-intervensjonen fekk Franco-troppane openlys hjelp frå Hitler, Mussolini og Salazar (Portugal). Tyskland leverte stridsvogner, tanks, antitankvåpen, spesialtrene befall og instruktørar, og 6 500 elitesoldatar. Italia sende 60 000 soldatar frå hæren. Franco hadde og pengar til å kjøpe transportmidlar til hæren sin i utlandet. I tillegg nytta han marokkanske leigetroppar og framandlegionærar. Den spanske kyrkja stødde kuppet. I 1933 var kyrkja den største jordeigaren i Spania, og åtte dessutan heile sporsvognsnett i Madrid, mange nattklubbar og nokre bankar — m. a.

Banco Spirito Sancto (Heilagandebanken) som var med og finansierte opprøret. I somme provinsar, til dømes Baskia, stod presteskapa på folkets side. Krigen vart blodig og ugjerningar, valds handlingar og overgrep vart gjort på både sider. Men dei kan ikkje samanliknast i omfang. Medan valdsbruken frå folket si side sprang ut av ukontrollerte impulsar, og regjeringa gjorde det ho kunne for å stogge han, brukte Junta-hæren systematisk terror og psykologisk krigføring for å knekke motstandsviljen hos folket.

Korleis var tilhøva i Spania før borgarkrigen?

Den dyrkbare jorda var stort sett delt opp i store gods (latifundiar) eller små bruk (minifundiar.) Småbruka var sett saman av spreidde jordlappar som gjorde rasjonell drift vanskeleg. Storbønder (1 % av innbyggartalet) åtte i alt 51,5 % av det samla arealet. Dei synte liten interesse for moderne metodar. Mykje god jord lå brakk og dyrkinga elles var einseitig (t. d. berre oliven). Det vart mest sesongarbeid (100—200 dagar pr. år) for dei jordlause arbeidarane. Arbeidslause massar gjorde sitt til å halde lønene nede i industrien òg.



Industriereisinga i Spania kom seint i gang, og da mest for utanlandsk kapital. Omkring 1931 nådde produksjonen toppen, men sakk deretter katastrofalt som i andre land under depresjonstida. Av utanlandske investeringar da krigen braut ut, stod England for 1/5 (omlag 40 000 pund), medan fransk kapital dominerte halvparten av gruveindustrien, jarnbanene og trygdelaga. Tyske interesser hadde infiltrert næringslivet. Mange av selskapa baserte seg på å føre heim råvarer frå Spania til foredling i sitt eige land. Dei sosiale tilhøva var kjenneteikna av naud, fattigdom og arbeidsløyse, — med nokon skilnad på landsdelane. Dagløna for ein arbeidar kunne vera i kring 3 pesetas (omlag kr. 1,50) — for kvinner halvparten. Arbeidsdagen var lang. Av 100 vaksne spanjarar kunne 44 lese og skrive. Av 1000 dødsfall galdt 500 barn under 5 år. I 1930 arbeidde omlag 2 mill. arbeidarar i gruver, jarnbaner og industri, og omlag 2 mill. i jordbruket. Dertil 300 000 «arbeidarar i heimane».*

Korleis er tilhøva i dag?

Trass i den sterke økonomiske vokstere i 1960-åra er Spania framleis eitt av dei fattigaste landa i Europa. Francos tanke om å gjera landet sjølvberga har vorte borte etter kvart. Trass i visse reformar er strukturen i jordbruket stort sett den gamle, og internasjonale finanskrefter har atter stor makt i næringslivet. Årsløna jamt over ligg på 7000 kroner. Reallønnsauken er liten, avdi prisane stendig stig. Streikar er ulovlege, og det er ikkje

* Det er ikkje lett å orientere seg i spansk statistikk då kjeldene ikkje alltid samstavar. Men desse tala skulle peike i rett lei.



frie fagforeningar. Ein kan få bot utan rettsleg prøving. Fengsla er fulle. Av og til siv det ut nytt om tortur og avrettingar. Det er omlag ein lækjar på 2000 innbyggjarar, og analfabetismen er framleis høg. Regjeringa kontrollerar universiteta. Arbeidsløysa har tvinga mange hundre tusen arbeidarar til å emigrere. Inntekta frå emigrantane og frå omlag 22 millionar turistar i året er viktige postar på Francos budsjett. Eitt parti stiller til val — Falange Espanola.

Trass i press frå USA er Spania ikkje kome med i NATO, takk vere motstand frå dei små medlemslanda. Istaden kom Madrid-pakta (1953) som ga USA rett til basar på spansk jord. Franco fekk i vederlag økonomisk og militær stønad frå USA. Viktigaste utanrikspolitiske spørsmål i dag gjeld spansk tilknytting til EF. Førabels har Kommisjonen gått i mot å la landet bli medlem på grunn av det udemokratiske styresettet.

Otten for ein ny borgarkrig har gjort sitt til å halde Franco ved makta. Likevel har ikkje den illegale motstandsørsla døydd ut, og no er ho i stendig vokster. Folk frå ulike samfunnslag og parti og ulike kantar av landet er i ferd med å solidarisere seg i kampen mot regimet.

DEI TO HANANE

Sang fra den spanske borgerkrigen.

Når den svar-te ha-nen har ga-le då ligg nat-ta merk o-ver
 jor-da Når den svar-te ha-nen har ga-le då ligg nat-ta merk
 o-ver jor-da Men når den rau-de ha-nen gjel då syng sa-man med
 so-la. Men når den rau-de ha-nen gjel då syng eg sa-man med
 so-la. Vind, vin-den skal fø-re bort min song om det
 er ei loqn du får hø-ne Vind kva skal vi gjø-re
 son-gen syng eg for dei som vil og kan hø-re.

VIKTIGE HENDINGAR

FØRE HANDLINGA I «FRU CARRARS GEVÆR»

I det 19. og byrjinga av det 20. hundreåret var Spania nærmest eit feudalt monarki. Ei rad folkeopprør vart slegne ned.

1923 — Primo de Rivera gjer statskupp med hjelp av kongen. Det blir innført militærdiktatur.

1930 — Republikansk oppstand slår feil, men de Rivera må gå av.

1931 — Dei første frie val etter militærdiktaturet gjev siger for republikanarane. Kong Alfonso XIII må forlate landet.

1931—33 — Eit varsamt reformprogram blir sett ut i livet. Fremst står utdeling av jord, men etter ein svært langsiktig plan.



Reformprogrammet blir motarbeidd av høgrekreftene og misnøya i dei lågare klassane stig. Dei to grupperingane i borgarkrigen byrjar ta form:

Sonen til **de Rivera, Jose Antonio**, byggjer opp «blåskjortene», Fאלange Espanola — stormtroppar etter tysk mønster. **Gil Robles** skipar partiet Accion Popular — eit «republikansk» parti, med det program å knuse marxismen. Monarkisten Calvo Sotelo — den «sterke mann» frå det gamle regimet, er tredjemann i høgreopposisjonen. På venstresida skjer ei viss konsolidering mellom borgarlege og sosialistar.

Streikar bryt ut og blir slegne ned. Desperate bondeflokkar tek seg sjølv til rette, annekterar jordstykke og byrjar dyrke dei.

5. juni 1934 — ½ million bønder og arbeidarar over heile landet streikar.

Regjeringa kunngrjer unntakstilstand og pressesensur.

Oktober 1934 — 3 medlemmer av Gil Robles' parti blir bedne om å ta sete i regjeringa. Arbeidarane kunngrjer generalstreik. Regjeringa gjev hæren ordre om å skyte. I Oviedo vinn gruvearbeidarane ein ublodig siger. Dei første troppane som blir sendt for å slå ned «republikken» gjer mytteri og stiller seg på arbeidarane si side. Da set Gil Robles inn 40 000 framandlegionærar.

14. oktober 1934 — Republikken i Oviedo fell. Høgreregjeringa sigrar og set i verk eit regelrett blodbad.

Dei liberale venstrepartia går saman i koalisjonspartiet «Frente Popular» (Folkefronten).

16. februar 1936 — Val til Cortes (parlamentet): Folkefronten vinn ein knapp siger og dannar regjering med Azana i spissen. Regjeringa set fri 30 000 politiske fangar, og Katalonia får sjølvstendet sitt att.

April 1936 — Hemmelege forhandlingar mellom Hitler og den spanske fascist-generalen Sanjurjo.

12. juli 1936 — General Francos framandlegionærar okkuperar alle offentlege bygningar i spansk Marokko. Han let 300 regjeringslojale soldatar og sivile skyte ned.

18. juli 1936 — Franco sender krigserklæring til regjeringa.

19. juli 1936 — Franco-troppar passerar Gibraltar-sundet og okkuperar Algeciras. Planlagt militæroprør bryt ut i m. a.: Madrid, Barcelona, Sevilla, Toledo, Burgos og Valladolid.

Arbeidarorganisasjonar, fagforeiningar og anti-fascistiske organisasjonar går til kamp. Massane blir mobilisert, Folkemilitsen danna. Borgarkrigen er eit faktum.

15. august 1936 — Non-intervensjonspakta blir proklamert av Frankrike og England.

21. august 1936 — Italia sluttar seg til pakta.

12. oktober 1936 — Den Internasjonale Brigaden blir danna.

25. oktober 1936 — Regjeringa blir flytta til Valencia.

7. november 1936 — Forsvarskampar ved Madrid. Den Internasjonale Brigaden er for første gong i kamp for alvor.

Februar 1937 — Folkefronten held frontlinene, med hjelp av Den Internasjonale Brigaden. Franco-styrkane blir stansa.

Mars 1937 — Slaget ved Guadalajara. Italienske troppar blir slegne attende ved Madrid. Om lag halve landet er no i hendene på generalane.

26. april 1937 — Tyske fly terrorbombar byen Guernica.

Juni 1937 — Bertolt Brecht avsluttar «Fru Carrars Gevær».

16. oktober 1937 — Stykket vert uroppført i Paris med Helene Weigel i titelrolla.

Fru Carrars gevær : av Be
21026401